

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
058/2015	Formannskapet i Radøy	PS	18.06.2015

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Lisbeth Toppe Alvær	15/212	15/6654

Deltaking i vidare utgreiing om samarbeid om brann- og redningsteneste

Saksopplysingar:

Bergensalliansen har gjennom fleire år hatt fokus på utfordringar og risikobilete som brann- og redningstenestene i regionen står overfor. Hausten 2014 vart det etablert eit prosjekt som skulle utgreie moglege samarbeidsløysingar for brann- og redningstenestene i regionen. Prosjektet vart leia av ei politisk styringsgruppe, og gjennomført av sekretariatet til Bergensalliansen, med ekstern bistand frå PwC. Det vart også etablert referansegrupper for brannsjefar og rådmenn utfrå geografisk representasjon, storleik og interesse. Radøy kommune, ved rådmannen, deltok i slik referansegruppe.

Rapporten frå denne mogleighetsstudien rår til at det vert etablert eit samarbeid mellom sjølvstendige brann- og redningstenester i bergensregionen. Føremålet er m.a. å sikra innbyggjarane ei best mogleg brann- og redningsteneste uavhengig av kommunegrensene. Rapporten påpeikar at brann- og redningstenestene framleis skal vera lokalt stasjonert i samsvar med dagens krav til innsatstid, og at det framleis skal vera den enkelte kommune som set si eiga brannordning.

Tilrådinga i rapporten er at samarbeidet må byggja på dei samarbeidsområda som er kome fram i samtalar med brannsjefane og rådmenn i referansegruppene. Desse samarbeidsområda er:

- Etablering av ein brannfagleg arena for regionen
- Regional ROS-analyse som grunnlag for samla beredskap
- Etablere samla oversikt over utstyr, kompetanse og kapasitet
- Standardisering av utstyr, gjennom felles spesifikasjonar og innkjøpssamarbeid
- Bygga kompetanse gjennom felles opplæring, kurs og øvingar
- Spesialisering av tenester, t.d. tung bilredning og sjøredning
- Samarbeid om førebyggjande arbeid- Samarbeid om beredskap, felles utstyr, kompetanse og kapasitet for handtering av hendingar som den enkelte brann- og redningsteneste ikkje kan dimensjonere for å handtera
- Etablering av einskapleg leiingssystem (ELS) for heile regionen
- Samarbeid om ulike systemverktøy, t.d. krisehandteringsverktøy (CIM)

Prosjektet, i regi av Bergensalliansen, er planlagt starta opp i august 2015. Saka vil bli lagt fram for politisk handsaming i den enkelte kommune når prosjektet vert avslutta.

Vurdering:

Det vil vera føremålstenleg for Radøy kommune å delta i vidare utgreiing om framtidig samarbeid mellom brann- og redningstenestene i regionen. Samarbeidsområda som vert framheva i rapporten vil kunne styrka beredskapen i kommunen, og vidare utgreiing av saka vil klargjera økonomiske og

organisatoriske sider ved eit slikt samarbeid.

Konklusjon:

Det vil vera føremålstenleg for Radøy kommune å delta i vidare utgreiing om framtidig samarbeid mellom brann- og redningstenestene i regionen, i tråd med tilrådingane i rapporten frå moglegheitsstudien. Saka vil bli lagt fram for politisk handsaming i den enkelte kommune når prosjektet vert avslutta.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune gir si tilslutning til å delta i Bergensalliansen si vidare utgreiing om samarbeid mellom brann- og redningstenestene, i tråd med tilrådingane i rapporten «*Mulig samarbeidsmodell for fremtidens brann- og redningsjeneste i bergensregionen*».

Formannskapet i Radøy - 058/2015

FS - handsaming:

Ordføraren orienterte om arbeidet med å få til eit samarbeid om brann- og redningstenestene i bergensregionen.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

Radøy kommune gir si tilslutning til å delta i Bergensalliansen si vidare utgreiing om samarbeid mellom brann- og redningstenestene, i tråd med tilrådingane i rapporten "*Mulig samarbeidsmodell for fremtidens brann- og redningsjeneste i bergensregionen*".

Vedlegg:

Mulighetsstudie til Bergensalliansen for brannsamarbeid

Mulighetsstudiet til Bergensalliansen_rapport